

## **Regionalt miljøprogram for jordbruket i Rogaland (2009 – 2012)**



**Fylkesmannen i Rogaland  
Landbruksavdelinga**

## Innhold

1	Bakgrunn.....	3
2	Sentrale føringar for arbeid med jordbrukets kulturlandskap.....	3
3	Prosess og organisering.....	4
4	Mål og strategiar.....	5
	4.1 Generelle utfordringar.....	5
	4.2 Miljøutfordringar i dei ulike regionane i Rogaland.....	8
5	Årlege tilskotsordningar.....	11
	5.1 Ivareta prioriterte kulturlandskap.....	12
	5.2 Ivareta biologisk mangfald.....	12
	5.3 Ivareta kulturhistoriske miljø og kulturminne.....	14
	5.4 Sikre ferdsel og friluftsverdiar.....	14
	5.5 Hindre avrenning til vassdrag.....	15
	5.6 Andre miljøtiltak.....	15
	5.7 Oppsummering – økonomi.....	16
6	Administrasjon.....	17
	6.1 Utbetaling og søknadsfrist.....	17
	6.2 Om utrekning av tilskot.....	17
7	Vidare arbeid.....	17
	7.1 Vidareutvikling av miljøprogrammet.....	17
	7.2 Kopling SMIL/RMP.....	18

## 1. Bakgrunn

Regionalt miljøprogram (RMP) for Rogaland vart første gang fastsett av styringsgruppa for arbeid med RMP vinteren 2004, og endeleg fastsett av Statens Landbruksforvaltning i brev

Programmet hadde verktid på 4 år. I løpet av desse 4 år, er det gjort nokre mindre justeringar. Eventuelle større justeringar skulle gjerast ved hovudrevisjonen, i 2008 med verknad frå 2009.

Fylkesmannen i Rogaland starta prosessen med revisjon av Regionalt miljøprogram i januar 2008 med sende ut brev til kommunane med spørsmål om innspel til endringar. Det har vidare vore eit møte i prosjektgruppa før styringsgruppa endeleg fastsette endringane i Regionalt miljøprogram 22. oktober.

Nytt forslag til Regionalt miljøprogram i Rogaland bygger i stor grad på miljøprogram for tidlegare år. I tillegg har Nasjonalt miljøprogram 2009 – 2012, nasjonale prioriteringar og verkemiddel i jordbrukets miljøinnsats, fastsett 24.oktober 2008 lagt føringar for arbeidet.

## 2. Sentrale føringar for arbeid med jordbrukets kulturlandskap

Nasjonalt miljøprogram skal leggje føringar for dei regionale miljøprogramma.

Sentrale dokument for det nasjonale miljøprogrammet er:

- St. meld. nr. 19 (1999 - 2000) "Om norsk landbruk og matproduksjon"
- St. meld nr 26 (2006 – 2007) "Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand"
- St. meld nr 34 (2006 – 2007) "Norsk klimapolitikk"
- Landbruks- og matdepartementets miljøstrategi 2008 – 2015.

Tema i desse dokumenta er mange. Dei fylka er bedt om å fokusere spesielt på i samband med revidering av de regionale miljøprogramma er:

- ivareta prioriterte kulturlandskap
- ivareta biologisk mangfald
- ivareta kulturhistoriske miljø og kulturminne
- sikre ferdsel og friluftslivsverdier
- hindre avrenning til vassdrag
- hindre utilsikta spreiding av plantevernmiddel og sikre god avfallshandtering

Vidare vart det i jordbruksoppgjeret 2008 bestemt at klima skal verte innarbeidd som ein del av nasjonalt miljøprogram i 2009. I nasjonalt miljøprogram vert det signalisert at *"Det må utredes nærmere hvilke konsekvenser dette får for mål, strategiske prioriteringar og virkemiddelbruk i miljøprogram, basert på stortingsmeldinga om klimatiltak i landbrukssektoren våren 2009. Det vil også kunne være aktuelt å operasjonalisere utfordringene knyttet til vern av jordressurene som ledd i miljøprogrammet framover."*

Det er også eit mål at miljøprogramma vert utforma på ein slik måte at ein i størst mogleg grad sikrar:

- Mest mogleg miljøeffektiv bruk av verkemidla både for heilskaplege og særleg prioriterte område.
- Mest mogleg forvaltningseffektiv bruk av verkemidla, med omsyn til både tiltakskostnadar og administrasjonskostnadar.

I Nasjonalt miljøprogram er det vidare peika på at tilskotsordningane i dei enkelte fylka generelt bør spissast meir mot tydelege miljøføremål, gjerne gjennom områdeavgrensing og/eller strengare vilkår for skjøtsel, vedlikehald og driftsmetodar. Spissing kan også innebere auka differensiering av tilskotssatsar i samsvar med forventna miljøeffekt. Vidare er det i Nasjonalt miljøprogram peika på at det bør arbeidast med å harmonisere ordningar på tvers av fylke for ordningar med om lag like miljøutfordringar og miljømål.

### **3. Prosess og organisering**

I føringane for regionalt miljøprogram er det eit krav at Fylkesmannen skal utforme regionalt miljøprogram i samarbeid med næringsorganisasjonane og andre aktuelle faginstansar. Det er også lagt vekt på at fylkeskommunen sine politiske organ skal trekkjast med i arbeidet. Fylka står elles fritt til å organisere arbeidet slik dei ynskjer.

I samband med etablering av Regionalt miljøprogram vart det i Rogaland sett ned ei styringsgruppe og ei prosjektgruppe.

Styringsgruppa vert leia av landbruksdirektøren. Vidare er gruppa samansett av leiarane i Rogaland Bondelag og Rogaland Bonde- og Småbrukarlag og representantar frå administrasjonen i Fylkeskommunen og Fylkesmannen si miljøvernavdeling. I tillegg er to fylkespolitikarar med i styringsgruppa. Styringsgruppa har hatt eitt møte i samband med revideringa.

Prosjektgruppa har vore samansatt av representant for Rogaland Bondelag, Rogaland Bonde- og Småbrukarlag, Rogaland Fylkeskommune v/kulturseksjonen og regionalplanseksjonen, Forsøksringane i Rogaland og Fylkesmannen si miljø og landbruksavdeling. Gruppa vert leia av assisterande landbruksdirektør. Prosjektgruppa har også hatt eit møte.

Proessen med revidering av miljøprogrammet i Rogaland starta med eitt brev til kommunane i januar 2008 for å få innspel på tema. Innspela vert gjennomgått og prosjektgruppa der ein valde ut dei tiltaka ein ynskte å arbeide vidare med. Innspela vart vidareforelda og Fylkesmannen og lagt fram for styringsgruppa i oktober før endeleg forslag til endringar vart sendt på høyring til kommunane i oktober.

## 4. Mål og strategiar

Ved etablering av Regionalt miljøprogram vart det gjort ein grundig gjennomgang av miljøutfordringane i Rogaland generelt og i dei ulike regionane spesielt. Det har ved revidering av miljøprogrammet ikkje vore reist spørsmål om dei miljøutfordringane som vart skissert ved innføring av Regionalt miljøprogram i 2005. I prosessen har det likevel dukka opp eit par nye problemstillingar ein meiner er viktig å inkorporere i miljøsatsinga framover. I Rogaland er dette:

- klimautfordringar i landbruket
- innføring av EU sitt vassdirektiv
- auka fokus på landbruket sitt kulturlandskap som ein del av reiselivsatsinga

Når det gjeld tiltak knytt til klimautfordringane er arbeid med LMD si klimasatsing og Fylkesdelplan for miljø og klima enno ikkje ferdig. Det har derfor vore uråd å innarbeide konklusjonane derifrå i vårt noverande miljøprogram. Det same gjeld EU sitt vassdirektiv der vi og er i ein pilotfase når det gjeld tiltak. Når det gjeld landbruket sitt kulturlandskap i høve til reiselivet er det lagt meir vekt på dette i utforming av revidert program.

Elles gjeld miljøutfordringane som vart formulert i Regionalt miljøprogram frå 2005, desse vert nemnd igjen her. Dei ulike kapitla er stort sett uforandra. Kapittel 4.1.3 er oppdatert i forhold nye målsettingar for jordvern og arealforvaltning.

### 4.1 Generelle utfordringar

#### 4.1.1 Landbruk og reiseliv

Natur- og kulturlandsskapet i Rogaland er eit kollektivt miljøgode som er særskild viktig for innbyggjarane. Det gir trivsel, oppleving, lokal identitet og høve til aktivt friluftsliv og det vil nok for mange gjera Rogaland til ein attraktiv regionen å etablere og busette seg i. Eit tilgjengeleg kulturlandskap er òg viktig i eit folkehelseperspektiv.

Skjøtsel, vedlikehald og utvikling av kulturlandskapet er avgjerande for livskvaliteten for innbyggjarane i fylket. Velstelt kulturlandskap vil også vere føresetnad for natur-, og miljøbasert næringsutvikling. Landskapet er ein viktig del av Rogaland sitt samla reiselivsprodukt. Spørjeundersøkingar syner at eit velhalde landskap med busetnad og aktiv drift er ein av dei viktigaste grunnane til at Noreg er eit attraktivt reisemål for utanlandske turistar. Utfordringa for landbruket er kunne utnytta kulturlandskapet til næringsutvikling som ein del av eit meir samla og ”foredla” tilbod av overnatting, aktivitet, oppleving, gardsmatsal m.m. Utmarksbaserte tilbod og næringsutvikling i verna område vil òg kunne vere ein viktig og aktuell satsing.

Som dei fleste andre fylke, er delar av tidlegare beiteområde i Rogaland i ferd med å gro att. Gjennom regionalt miljøprogram vil det vere viktig å stimulere til fortsett drift desse areala, særleg i område som er eller kan verte attraktive reisemål.

#### 4.1.2 Verdifulle kulturlandskapselement

Landbruket i Rogaland har røter mange tusen år tilbake. Landbruket er derfor ein viktig berar av kulturarv, tradisjon og identitet. Å ta vare på eit representativt utval av kulturminne og bygningar som er eller har vore knytt til landbruksdrift, vil vere ei prioritert oppgåve.

Nasjonale overslag syner at rundt ein tredel av artene som er karakterisert som sjeldne eller trua (jf. den nasjonale rødlista), er knytt til jordbrukets kulturlandskap. I tillegg lever eit stort mangfald av insekt og andre virvellause dyr i jordbrukslandskapet. Ein stor del av dei artene som er trua, finst i gamle beiteområde (slåttemark, lyng og liknande). Mange arter er også knytt til våtmarksområde. Det vil derfor vere eit mål å ta vare på område med gamle kulturmarkstypar i jordbrukslandskapet.

Rogaland har eit nasjonalt ansvar for å ta vare på ugjødsla beitelandskap som representerer dei eldste og største samanhengande områda av denne typen i landet. Kystlyngheia utvikla seg i yngre steinalder, samtidig med innføringa av husdyrhaldet, og har dominert landskapet i den vestre delen av fylket dei siste 2000 åra. Lyngheiene er levestad for fleire sjeldne/trua planter og dyr. Lyngmarkene er og økologiske kulturminne som dokumenterer 5000 års landbrukshistorie og bør sjåast i samheng med andre kulturminne.

Andre viktige natur- og kulturhistoriske element i jordbrukslandskapet i Rogaland:

- ferdselsveggar – kongeveggar, presteveggar, postveggar m.m.
- kulturmiljø og kulturminne, både frå eldre og nyare tid - steingardar, bakkemurar, gravminne, forhistoriske gardsanlegg og liknande.
- vegetasjonssoner, landskapsplantingar, leplantingar m.m.
- elver, bekkar, myrer og andre våtmarksområde.
- gamle kulturmarkstypar som kystlynghei, ugjødsla beitemark, slåtte- og styvingsmark, ugjødsla fuktmark m.m.
- ulike bygningar -: driftsbygningar, stølshus, uteløer, våningshus med lokalt særpreg (t.d. Jærhus m.m.).
- særprega "landskapsrom", t.d. Jærstrendene, Lysefjorden, områda rundt Suldalslågen og Suldalsvatnet, Kvitsøy, Utsira m.m.
- bruk med stor kulturhistorisk verdi som har gått ut av drift.
- beiteområde på øyer og holmar som har gått ut av drift.

#### **4.1.3 Jordvern og kulturlandskap**

Jordvernet er ein viktig del av den nasjonal miljøvernpolitikken, og bevaring, vedlikehald og utvikling av kulturlandskapet representerer ein sær viktig del av jordvernet. I St.meld. nr. 19 (1999-2000) står det m.a.:

*"Arealgrunnlaget med jordsmonnet er den naturressursen som sammen med vann og luft er det viktigste grunnlaget for all biologisk produksjon og mangfold. Disse ressursene er avgjørende for menneskenes eksistens."*

Dette er vidare understreka i St. meld nr 26 (2006-2007) – regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand der mellom anna desse måla er nemnt:

- *"Øke bevisstheten om landskapets betydning i kommunal og regional planlegging og utvikling, i samsvar med forpliktelsene i den europeiske landskapskonvensjonen.*
- *Øke kunnskapen om endringer i landskapet og hva de betyr for miljø, samfunn og enkeltmenneske.*
- *Utvikle bedre metoder og verktøy for sikring og utvikling av landskapsverdier.*
- *Videreutvikle en landbrukspolitik som bevarer et levende landbruk og et levende jordbrukslandskap i hele landet og sikre verdier knyttet til de historiske*

Jordlova frå 1995 gir reglar for disponering av landbruksareal. Lova legg til grunn at areala skal disponerast ut frå omsynet til framtidige generasjonar sine behov. Forvaltninga av arealressursane skal vere miljøforsvarleg, ein skal ta omsyn til vern av jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på kulturlandskapet. Omsynet til kulturlandskapet blei særleg framheva og styrka då jordlova vart fornya i 1995. Strengare praktisering av jordlova er understreka i brev frå LMD 21.12.06

Rogaland har eit svært variert kulturlandskap frå kyst til hei. Store delar av areala sentralt i fylket er under sterkt press for nedbygging, omdisponering og fragmentering. Andre område i distriktskommunane er truga av gjengroing og opphøyr av aktiv jordbruksdrift. Jordbruksområda er viktige grøntområde for bruk til ferdsel og friluftsliv, særleg i by- og tettbygd strøk. Tilrettelegging for sambruk mellom aktiv landbruksdrift og allmenn ferdsel er difor ein viktig del av ein langsiktig jordvernstrategi i det regionale miljøprogrammet for Rogaland.

#### **4.1.4 Ureining**

Handelsjordbruket med kjøp av gjødsel og kraftfôr i tillegg til flittige bønder har lagt grunnlaget for eit rikt jordbruk i Rogaland. Nær 90% av jordbruksarealet blir brukt til dyrking av fôr.

Rogaland er eit typisk husdyrfylke. Av om lag 5800 føretak i fylket driv ca 50% med mjølkeproduksjon. I visse område er og dei kraftforkrevjande husdyrproduksjonane som gris og høns omfattande. Rogaland har om lag 9% av det totalt jordbruksarealet i Noreg men ca 17% av mjølkeproduksjonen, 18% av sauehaldet, 21 % av slaktegrisproduksjonen og 28% av hønsehaldet.

Det store husdyrhaldet er spreidd over heile fylket, men er særleg intensivt i Vindafjord, deler av Ryfylke og på Jæren.

I dei mest intensive jordbruksområda har stor dyretettleik gitt negative konsekvensar. Eit eksempel er dårleg vasskvalitet i visse vassdrag på grunn av for stor avrenning av næringsstoff (særleg fosfor). I Aksjon Jærvassdrag sin tiltaksanalyse frå 2008 at tilførselen av forfor for fleire vassdrag på Jæren er godt over ei berekna økologisk tålegrense. Hovudkjelda til den store konsentrasjonen av fosfor er fyrst og fremst arealavrenning frå landbruk, men også punktutslipp.

Dei siste tretti åra er det gjort ein stor innsats for å dempe ureininga frå jordbruket. Dette har gitt gode og synlege resultat. Av dei konkrete satsingane som er gjennomført, nemner vi gjødslingsplanlegging som har ført til om lag ei halvering av fosforgjødslinga, endring av spreietider for husdyrgjødsel til vekstsesongen, krav til spreieareal for det enkelte føretak og utviding og tetting av gjødsellager og siloar. Dei siste ti åra er det også etablert om lag 170 fangdammar/reinseparkar for å fange opp ein god del næringsstoff som alt har kome ut i vassdraga. Over 90% av reinseparkane ligg på Jæren.


Trass i innsatsen som er lagt ned, er forureining frå jordbruket eit problem i enkelte område. Særleg gjeld dette vassdrag som ligg i intensivt drivne jordbruksområde. Dette skuldast både overflateavrenning frå jordbruksareala, men også anna avrenning mellom anna pga. relativt

store fosforlager i jorda. Viktige faktorar for å redusere problemet kan vere å ytterlegare betre effekten av husdyrgjødsla. Det bør og vurderast om ei ekstensivering av drifta (reduerte gjødslingsnormer) kan vere ei løysing i visse nedbørfelt.

#### 4.2 Miljøutfordringar i dei ulike regionane i Rogaland

Dei geografiske og topografiske variasjonane i Rogaland er store. Landskapet varierer frå øyar, fjordar og dalar i Ryfylke og på Haugalandet, småkupert fjellandskap i Dalane til dei store, flate samanhengande landbruksareala på Jæren.

I dei ulike landskapa inngår varierte kulturmarker; som opne beitelandskap, lyngheier, våtmarksområde, stølslandskap m.m. Kulturmiljø som tun og heile gardar og kulturminne som steingardar, rydningsrøyser, vegfar, utløer og andre små uthus, inngår også som ein viktig del i mange kulturlandskap. Noreg har eit internasjonalt ansvar til å forvalte utmarksområde som våtmarker, lyngheier og stølslandskap. Vidare representerer kulturlandskapet i dei ulike regionane kvar for seg ulike kvalitetar som vil vere ein viktig del av grunnlaget for utvikling av reiselivsnæringa.



(Landskapsregionar i Rogaland. Kjelde: NIJOS)

Nedanfor fylgjer ei kort karakterisering av landskapet og hovudutfordringar for miljøarbeidet i dei fire regionane i fylket - Haugalandet, Ryfylke, Jæren og Dalane.

##### 4.2.1 Dalane (Egersund, Sokndal, Lund og Bjerkreim)

Den sure og næringsfattige bergarten anorthositt formar i stor grad landskapet. Ut mot havet finn ein nakne, blankskura berg og kollar med eit mylder av viker. Landet innanfor er småkupert med snaue nutar, heier, myrer og ei mengd med vatn.

Det sure og næringsfattige jordsmonnet fører til at store delar av landskapet er prega av utmark, men her fins også lommer av kulturbeite og samanhengande oppdyrka



jordbruksområde. Generelt er jordbruket konsentrert til dei områda som ligg mest sentralt. Dei perifere delane blir lite beita, med gjengroing som resultat. Det nakne kystlandskapet spelar framleis ei viss rolle, men innslaget av skog er aukande.

#### Hovudutfordringar:

- Hindre gjengroing i viktige kulturlandskapsområde
- Ta vare på restar av stølslandskapet
- Ta vare på særleg viktige kulturmarkstypar, spesielt kystlynghei
- Legge til rette for natur- og kulturopplevingar i kulturlandskapet
- Hindre spreidd utbygging som gir ei varig uheldig fragmentering og ”punktering” av viktige kulturlandskapsområde
- Synleggjere landbruket sitt kulturlandskap som eit viktig element i satsing på reiseliv
- Stimulere til bruk av innmarksbeiteareal som har gått ut av drift
- Hindre gjengroing av areal på nedlagte bruk med særlege natur- og kulturhistoriske verdiar
- Stimulere til bevaring og skjøtsel av automatisk freda- og nyare tids kulturminne i jordbrukslandskapet
- Stimulere til vedlikehald av verdifulle bygningar som er eller har vore ein del av landbruksdrifta

#### **4.2.2 Jæren** (Hå, Time, Klepp, Sola, Randaberg, Stavanger, Sandnes og Gjesdal)

Jæren er prega av ei låg strandflate med få øyer utafor. Innafor i aust stig terrenget opp mot Høg – Jæren (150 –300 moh), før det går over i knausar og fjell med jordbruksområde i dalbotnar og dalsider.

Lausmassane for jordbruksdrift er i hovudsak morenejord frå tidlegare istider. På Jæren er desse svært djupe. Det meste av jorda er steinrik, noko steingardane frå rydding av land både i steinbukken og ”Brøyten” si tid vitnar om.

I 1805 var om lag 2% av jorda på Jæren dyrka, elles var store område lynghei. Etter 1950, då maskinar kom inn for fullt i dyrkingsarbeidet, har det skjedd ei storstilt nydyrking på Jæren, og mykje land har blitt rydda for stein. Fleire stader har og grunne vatn blitt tappa ut og myrer drenerte. No utgjer jordbruksareala 30% av totalarealet på Jæren. I enkelte kommunar utgjer jordbruksarealet opp mot 70% av totalarealet. Husdyrhaldet og grasdyrking til fôr dominerer regionen.

#### Hovudutfordringar:

- Ta vare på restareal (myrer, våtmarker, fuktbeite, ugjødsla beite med stor artsrikdom, naturlege elvekantar og bekkeløp, naturleg kantvegetasjon, åkerholmar, geologiske formasjonar frå siste istid, område med kulturminne m.m.) som er viktige for biologisk mangfald, naturleg sjølvreinsing og landskapsoppleving.
- Redusere arealavrenning og anna forureining frå jordbruksareal nær vassdrag med særleg stor næringstilførsel.
- Stimulere til sambruk (friluftsliv og anna fleirbruk) av bynære landbruksområde.
- Hindre spreidd utbygging som gir uheldig fragmentering og ”punktering” av viktige kulturlandskapsområde.
- Hindre gjengroing i indre delar av Jær-regionen.
- Stimulere til bevaring og skjøtsel av automatisk freda kulturminne- og nyare tids kulturminne i jordbrukslandskapet.

- Stimulere til å vedlikehalde steingardar som gjerde mellom bruk og mellom ulike skifte på det enkelte bruk.
- Stimulere til vedlikehald av verdifulle bygningar som er eller har vore ein del av landbruksdrifta.

#### **4.2.3 Ryfylke** (Forsand, Strand, Kvitsøy, Rennesøy, Finnøy, Hjelmeland, Suldal og Sauda)

Ryfylke utgjer eit tverrsnitt av fylket, frå øyer, skjær, fjordar og dalar til høgfjell.

Kulturlandskapet er tilsvarande variert. Kystlynghei har vore ein dominerande landskapstype i ytre strok. Dette gjeld i særleg grad Rennesøy.

Jordbruket i Rennesøy og Finnøy kommunar er prega av grønsakproduksjon i veksthus og intensiv husdyrproduksjon.

Landskapet rundt fjordmunningane er ”mildt og roleg” med lauvskogkledde åsar og frodig jordsmonn. Landskapet i austre delen av Ryfylke er dominert av djupe, isolerte dalar med bratte fjordsider. Ein del område er opparbeidd til kulturbeite, medan dei mest tungdrivne areala er i ferd med å gro igjen med tett lauvskog. Før 2. verdskrig hadde bygdene her full stølsbruk med omfattande slått og utmarksbeiting.

#### Hovudutfordringar:

- Hindre gjengroing i viktige kulturlandskapsområde.
- Ta vare på restar av stølslandskapet.
- Vedlikehald av gamle kulturmarkstypar – styvingstre, kystlynghei m.m.
- Legge til rette for natur- og kulturopplevingar i jordbrukets kulturlandskap.
- Synleggjere landbruket sitt kulturlandskap som eit viktig element i satsinga på reiseliv med særleg fokus på området rundt Ryfylke turistveg og Lysefjorden.
- Stimulere til bruk av innmarksbeite som står i fare for å gå ut av drift eller har gått ut av drift.
- Hindre spreidd utbygging (inkl. hyttebygging) som gir ei varig uheldig fragmentering og ”punktering” av viktige kulturlandskapsområde.
- Stimulere til bevaring og skjøtsel av automatisk freda og nyare tids kulturminne i jordbrukslandskapet.
- Stimulere til vedlikehald av verdifulle bygningar som er eller har vore ein del av landbruksdrifta.
- Stimulere til restaurering/vedlikehald av beiteområde på øyar og holmar.

#### **4.2.4 Haugalandet** (Ølen, Vindafjord, Tysvær, Karmøy, Haugesund, Bokn og Utsira)

Landskapet på Haugalandet er prega av at berggrunnen i hovudsak består av gneis og granitt. På avstand ser dette ut som eit ”mildt” og jamt landskap, medan ein på nært hald kan oppleve landskapet som ”småknudra” og oppdelt. Indre delar av i regionen er dominert av eit omfattande fjordsystem.

Når det gjeld vegetasjon dominerer lyngheiane i dei vestlege områda, medan innslaget av naturleg lauv- og barskog aukar mot aust. Viktige kulturmarkstypar er beitehagar, område med styvingstre og kystlynghei.

### Hovudutfordringar:

- Hindre gjengroing i viktige kulturlandskapsområde.
- Ta vare på gamle kulturmarkstypar – styvingstre, kystlynghei m.m.
- Legge til rette for natur- og kulturopplevingar i jordbrukets kulturlandskap.
- Hindre spreidd utbygging som gir ei varig uheldig fragmentering og ”punktering” av viktige kulturlandskapsområde.
- Synleggjere landbruket sitt kulturlandskapet som eit viktig element i satsinga på reiseliv.
- Redusere arealavrenning og anna forureining frå jordbruksareal nær vassdrag der næringstilførselen er for stor.
- Stimulere til bevaring og skjøtsel av automatisk freda- og nyare tids kulturminne i jordbrukslandskapet.
- Stimulere til vedlikehald av verdifulle bygningar som er eller har vore ein del av landbruksdrifta.
- Stimulere til restaurering/vedlikehald av beiteområde på øyar og holmar.

## **5. Årlege tilskotsordningar**

I dette kapittelet vil ein kort nemne dei ulike tilskotsordningane som vil inngå i Regionalt miljøprogram frå 2009. Tilskotsordningane er delt inn etter dei tema som er nemnt i Nasjonalt miljøprogram. Desse tema er også i tråd med dei utfordringane som er skissert i kapittel 4.

- ivareta prioriterte kulturlandskap
- ivareta biologisk mangfald
- ivareta kulturhistoriske miljø og kulturminne
- sikre tilgjengelegheit og friluftslivsverdiar
- hindre avrenning til vassdrag
- hindre utilsikta spreing av plantevernmidde og sikre god avfallshandtering

Rogaland er eit av fylka som allereie frå 2005 etablerte mange ulike tilskotsordningar med klare miljømål, mange av dei retta mot konkrete område. Eksisterande tilskotsordningar er også i stor grad differensiert slik at det er lagt opp til ulike tilskotssatsar for ulike område. Det er derfor ikkje foreslått mange nye tilskotsordningar. Det er også i liten grad lagt opp til ytterlegare differensiering av eksisterande tilskotsordning.

Dei tilskotsordningane som allereie er godt innarbeida i Regionalt miljøprogram for Rogaland, vil berre verte nemnd kort utan å gå grundig inn på vilkåra. Tekst i skraver markerer føreslåtte justeringar i eksisterande ordningar. Tilskotssats for eksisterande ordningar vil berre verte nemnd når satsen er foreslått endra. Førebels tilskotssats for alle ordningane vil kome fram i vedlegg 1.

Forslag til nye ordningar vil verte litt meir fyldig kommentert. Dei nye ordningane med vilkår slik dei er skissert under må sjåast på som utkast til ordningar. Ved presentasjon av ordningane i dette dokumentet, er det lagt vekt på å få fram bakgrunn og mål for etablering av ordningane. I tillegg er det arbeidd ein del med avgrensing og vilkår for utbetaling av tilskot til dei ulike ordningane.

I første utkast av dette dokumentet var tilskotsordning ”Tilskot til ugrashandtering og velstelte bruk” med som ein del av miljøprogrammet. Statens Landbruksforvaltning, Norges Bondelag og Norsk bonde- og småbrukarlag gav tilbakemelding om at denne ordninga i stor grad

framsto som eit generelt stimuleringsstilskot i jordbruket. Etter samråd med prosjektgruppa og styringsgruppa er denne ordninga derfor tatt ut.

## **5.1 Ivareta prioriterte kulturlandskap**

### Tilskot til bratt areal

Tilskot til beiting eller slått av fulldyrka areal, overflatedyrka areal og innmarksbeite der kvar teig er større enn 0,5 dekar og har ei helling på 1:5 eller brattare. Med fulldyrka areal, overflatedyrka areal og innmarksbeite meiner ein her areal som oppfyller definisjonane av desse arealkategoriane i forskrift om produksjonstilskot i jordbruket.

Det vil bli gitt ein høgare sats til bratt innmarksbeite som ligg innanfor partnerskapsområda i Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, natur og kultur. Partnerskapsområda er peika ut som område med stor friluftsliv-, idrett-, natur- og kulturverdi.

### Tilskot til kulturlandskap med store landskapskvalitetar

Tilskot til beiting eller slått av fulldyrka areal, overflatedyrka areal og innmarksbeite på fastsette bruk i Lysefjorden i Forsand kommune og i Dyrskog ved Ørsdalsvatnet i Bjerkreim kommune.

***Frå 2009 vil også bruka Littlehamar, Klungtveit, Mogleiv, Lali og Hamrabø i Suldal verte innarbeidd i ordninga. Bakgrunnen for dette er at desse bruka har store kulturlandskapskvalitetar, både biologiske og kulturhistoriske verdier. I tillegg er areala tungdrivne. Førebels tilskotssats kr 200,- pr dekar.***

### Tilskot til ammegeit, utegangarsau og ekstensive husdyrrasar

For storfe gjeld dyr av rasane Aberdeen Angus, Hereford, Skotsk Høglandsfe og Galloway som har beita i minst 8 veker på utmarksbeite. Fylkesmannen kan i særskilte tilfelle godkjenne andre rasar.

Med ammegeit meiner ein her geit over eitt år som ikkje vert nytta i mjølkeproduksjon. Ordninga skal stimulere til beitebruk med småfe og storferasar som er særskilt eigna for landskapspleie.

***Frå 2009 vert tilskotssatsen for utegangarsau redusert frå kr 200,- til kr 100,-.***

### Sau og kjøttfe som beiter i sikra friluftsområde og/eller område verna etter naturvernlova.

Gjennom denne tilskotsordninga vert det gitt tilskot til dyr som beiter i sikra friluftsområde og/eller område som er verna etter naturvernlova. Det vert berre gitt tilskot til områder der føremålet med vernet vert ivaretatt ved beiting.

### Tilskot til årleg drift av beitelag

Tilskotet kan bli gitt til drift av godkjente beitelag som organiserer felles beitebruk i utmark i minimum 6 veker i sommarhalvåret. Ordninga gjeld for heimsanka sau, geit, hest og storfe.

## **5.2 Ivareta biologisk mangfald**

### Tilskot til slått av tradisjonelle slåttemarkar

Tilskot til slått av tradisjonelle slåttemarkar som er registrert av kommunen og som ligg i Naturbasen. Naturbasen er Direktoratet for Naturforvaltning sin database for registrering av biologisk mangfald.

### Tilskot til vedlikehald av styvingstre

Det vert gitt tilskot til regelmessig skjøtsel av styvingstre. Ordninga er først og fremst retta mot eksisterande styvingstre, men dersom det vert etablert nye styvingstre, vil også desse kunne få tilskot.

#### Tilskot til myr og kalkrike enger

Gjennom denne ordninga kan ein få tilskot dersom ein legg opp drifta på ein slik måte at kvaliteten av myrområdet ikkje blir øydelagt. Tilskotsordninga gjeld berre dei areala som er registrert i kommunal registrering for biologisk mangfald i følgjande kategoriar: A01 - Intakt låglandsmyr, A05 - Rikmyr, A03 – Terrengdekkande myr og D05 - Kalkrike enger.

***Frå 2009 vert satsen for tilskot myr og kalkrike enger dobla frå kr 100,- til kr 200,-***

#### Tilskot til skjøtsel av kystlynghei og ugjødsla naturbeitemark

Område det vert gitt tilskot til må vere med i ei av fylgjande registreringar:

- Hodne - Helland - Bø (Rennesøy), Førland/Sletthei (Lund) og Trollhaugsmyr (Time/Bjerkreim).
- Område som er registrert som D07 – kystlynghei og/eller D04 - naturbeitemark i naturbasen. Området må ha verdiklassifisering A eller B.
- Kystlynghei/naturbeitemark som har fått SMIL – tilskot for å legge til rette for beiting (sviing, inngjerding og liknande).

***Frå 2009 vert inndelinga i ulike tilskotklassar noko forenkla. Tilskot til D07 – kystlynghei og/eller D04 - naturbeitemark med verdiklassifisering B og kystlynghei/naturbeitemark som har fått SMIL – tilskot for å legge til rette for beiting vil ha same sats, kr 10,- pr dekar.***

#### ***Ny ordning frå 2009:***

##### Tilskot til fuglerike biotopar

Det er ønskeleg å stimulera til beiting og mindre næringstilsig i og ved dei grunne, fuglerike vatna i Rogaland verna som våtmarksreservat. Fulldyrking heilt nedtil vatna gjer at det meste av strandsona ikkje blir beita, og gror til med takrøyr, buskar og tre. Der det blir beita, truar sterk gjødsling både det biologiske mangfaldet og vasskvaliteten. Det blir derfor gjeve eit tilskot for ugjødsla beiting med moderat beitetrykk, i hovudsak med storfe, for å syta for rett skjøtsel av viktige våtmarksbiotopar, redusera avrenninga til vatna og sikra eller auka det biologiske mangfaldet på tilgrensande fastmark.

Det er plukka ut enkelte avgrensa område som omfattar strandline i våtmarksreservat og ugjødsla lynghei og naturbeitemark som grenser inn mot reservat der beiting vil vere positivt for verneføremålet. Dei utplukka områda omfattar også område inne i våtmarksreservat der det pr dato etter verneføresegnene er lov å gjødsle, og tilgrensande gjødsla beite der opphør av gjødsling og styrt beiting vil vere positivt for å redusere avrenning og trygga/heva det biologiske mangfaldet. Førebels tilskotssats er sett til kr 400,- pr dekar.

Vilkår for å kunne få tilskot:

- Beitinga i verneområde skal vera i samsvar med vernereglane og forvaltningsplanar, og beitetrykk og andre vesentlege sider av beiteopplegget som får innverknad for verneområda skal avklarast med forvaltningsstyresmakta.
- Det skal ikkje gjødslast eller leggjast tilleggsfor på tilskotsarealet.
- Beitedyra skal ha tilgang til strandsona slik at denne ikkje gror til med takrøyr men held vedlike ope vatn langs stranda.

### **5.3 Ivareta kulturhistoriske miljø og kulturminne**

#### Tilskot til vedlikehald av synlege, automatisk freda kulturminne

Under denne ordninga vert det gitt tilskot til:

- Gravfelt. Gravfelt må innehalde minst tre gravrøyser/haugar for å ha rett på tilskot.
- Gardsanlegg. Gardsanlegg må innehalde minst ei synleg hustuft og i tillegg minst eit av fylgjande kulturelement: Forhistorisk åker, rydningsrøys eller gardfarsystem.

#### Tilskot til mjølkeproduksjon på støl og årleg vedlikehald av stølslandskapet/fråflytta fjellgardar

Under denne ordninga vert det gitt tilskot til:

- Bruk som har hovuddelen av mjølkeproduksjonen med ku eller geit på setra i minst 4 veker i sommarhalvåret.
- Vedlikehald av fråflytta fjellgardar, tradisjonelle stølsbygningar, husmannsplassar og stølsvollar. Bygningen(ane) det vert gitt tilskot til, må ha kulturhistorisk verdi og må vere knytt til stadbunden næring (tradisjonell stølsdrift, slått, beite, jakt, fiske m.m.).

### **5.4 Sikre ferdsel og friluftslivsverdiar**

#### Tilskot til vedlikehald av turstiar

Gjennom denne ordninga kan ein få tilskot til vedlikehald av turstiar over/eller i kanten av innmarksareal (fulldyrka areal, overflatedyrka areal, innmarksbeite og plantefelt). Ein kan også få tilskot til landbruksvegar som går i kanten av innmarksareal dersom desse er ein del av ein samanhengande, merka tursti. Kommunen kan avslå turstiar som ikkje passer inn eit naturleg nettverk av turstiar.

Det vert gitt eit høgare tilskot til turstiar som ligg nær regulerte bustadfelt og/eller turstiar som ligg innanfor "grønstruktur" i "Fylkesdelplan for byutvikling på Jæren" og i "Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet".

***Frå 2009 kan også badeplassar som ligg i tilknytning til innmark og er ein naturleg forlenging av ein tursti, reknast inn som ein del av turstien. Tilskotet vert utrekna pr meter. Badeplassen skal ha same tilskotssats som turstien, tilskotssatsen vil derfor avhenge av avstand til regulert bustadfelt. Det vil ikkje verte tilskot til offentlege badeplassar.***

#### Tilskot til vedlikehald av gamle stølsvegar og vegar til fråflytta fjellgardar

Føremålet med ordninga er å stimulere til vedlikehald av gamle stølsvegar og vegar til fråflytta fjellgardar med kulturhistorisk interesse. Det vil berre bli gitt tilskot til den delen av stølsvegen som tydeleg ber preg av synleg tilrettelegging (oppbygging, steinsetting eller liknande), eller som har behov for jamleg skjøtsel. Det vert ikkje gitt tilskot til bilveg/traktorveg.

#### ***Ny ordning frå 2009:***

#### Tilskot til parkeringsplassar som ligg i tilknytning til turstiar

Tilskot til opparbeida parkeringsplassar som ligg i tilknytning til turstiar som får tilskot gjennom Regionalt miljøprogram. Parkeringsplassane skal ha plass til minst 4 bilar. Førebels tilskotssats er kr 500,- pr parkeringsplass.

Det vert bare gitt tilskot til parkering på eigen eigedom. Parkeringsplassen må vere tydeleg opparbeida, det er t.d. ikkje nok å at vegen enkelte stader er brei nok til å kunne setje frå seg

ein bil. Parkeringsplassen skal vere tydeleg merka. Det vert ikkje gitt tilskot til parkeringsplassar i typisk skog eller utmarksterreng.

### **5.5 Hindre avrenning til vassdrag**

#### Tilskot til ugjødsla randsoner med gras langs vassdrag og vassvegar

Formålet med tilskotet er å redusere avrenninga av næringsstoff og plantevernmiddel. Det kan gjevast årleg tilskot til ugjødsla randsoner med gras på fulldyrka areal langs forureina vatn, elvar, bekker og kanalar. Fylkesmannen avgjer kva vassdrag dette gjeld.

Tilskot vert gitt til ei 5m brei ugjødsla sone avsett på grovfôrareal. Ugjødsla randsoner avsett i korn, potet og/eller grønnsaker skal vere 10 m brei.

*Frå 2009 vert tilskot til gjødslingsfrie randsoner på potet-, korn- og grønnsaksareal auka til kr 24,- på meter og tilskot til gjødslingsfrie randsoner på grovforareal auka til kr 6,25,- pr meter. Vidare er det bestemt at dersom Aksjon Jærvassdrag i løpet av neste 4 – års periode set av midlar til tilskot til ugjødsla randsoner på beite, kan kr 1,25,- som no er sett av til å auka satsen for randsoner på grovforareal i staden nyttast til ugjødsla randsoner på beite. Føresetnaden er at Aksjon Jærvassdrag også bidrar med noko tilskot til ugjødsla randsoner på grovforareal.*

#### Tilskot til vedlikehald av reinseparkar

Tilskot til oppreinsking av reinsepark. Ved etablering av reinseparken har dei som har fått tilskot gjennom SMIL – ordningar/Aksjon Jærvassdrag forplikta seg til å vedlikehalde denne i 10 år. Etter dette kan det gis tilskot til oppreinsking.

#### Tilskot til grubbing

Det kan gjevast tilskot til grubbing som har som formål for å redusere jorderosjon og arealavrenning etter seint opptak med maskin av potet, rot- eller knollvekstar. Det bør vere tørre, gode forhold under grubbinga, elles vil det gjere meir skade enn gagn.

#### Tilskot til fangvekst

Det kan gjevast årleg tilskot til tiltak som reduserer erosjon og arealavrenning frå jordbruksareal. Fangvekstar er vekstar som blir sådd for å samle opp næringsstoff og redusere jorderosjonen etter at hovudveksten er hausta.

*Frå 2009 vert det ikkje lengre gitt tilskot til fangvekst i korn. Det vert berre gitt tilskot til fangvekst i tidlegkulturar som potet og grønnsaker.*

### **5.6 Andre miljøtiltak**

#### Tilskot til årleg kompensasjon for tap av avling for område som vert avsett til frie beiteområde for gås og svane

Formålet med ordninga er å redusere beiteskadar for gås og svane gjennom å gi årleg kompensasjon for tap av avling i område som vert avsett som frie beiteområde for gås og svane. Ordninga gjeld områda rundt Orrevatnet i Klepp kommune.

*Grudavatnet har tidligare vore inne i ordninga, men er no teke ut.*

#### Tilskot til leplantingsareal

Føremålet med ordninga er å stimulere til skjøtsel og vedlikehald av leplantingsareal. Det kan berre bli gitt tilskot til leplantingar som har fått offentleg etableringstilskot.

### 5.7 Oppsummering – økonomi

Budsjett for dei ulike ordningane er sett opp i vedlagd rekneark (vedlegg 1). Nye ordningar og endring i satsar er merka med raudt. I første del av tabellen framgår søknadsmengde for dei ulike ordningane for 2007. I siste del av tabellen er budsjett for dei ulike ordningane i perioden 2009 – 2012 skissert.

Prioriterte kulturlandskap (tidlegare gjengroing)	kr 11.400.000,-
Biologisk mangfald	kr 3.900.000,-
Kulturhistoriske miljø og kulturminne	kr 2.500.000,-
Ferdsel og friluftsliv	kr 4.500.000,-
Avrenning til vassdrag	kr 1.500.000,-
Andre miljøtiltak	kr 200.000,-
<b>Totalt</b>	<b>kr 24.000.000,-</b>



## 6. Administrasjon

### 6.1 Utbetaling og søknadsfrist

Hovudsøknadsfrist for regionalt miljøprogram er 1. oktober som tidlegare år. Søknad om tilskot til fangvekst, grubbing og søknad til organisert beitebruk vil ha søknadsfrist i november. Det vil verte utarbeidd eit eige søknadsskjema for ordningane som gjeld regionalt miljøprogram.

Alle føretak med rett til produksjonstilskot vil få tilsendt søknadsskjema og informasjon om ordningane i god tid før søknadsfristen. For kartfesta objekt, t.d. gravfelt, gardsanlegg, restareal, kystlynghei og liknande som vil kunne utløyse tilskot, vil det bli laga eit eige karttema i Arealis. Dei kommunane som er med i Arealis vil då på ein enkel måte kunne finne kva eigedomar som kan søkje på dei ulike ordningane. Dette kartlaget vert oppdatert innan 31.07 kvart år. Gravfelt og gardsanlegg som har rett på tilskot, ligg i Riksantikvaren si database Askeladden (<http://159.162.103.56/login>).

Kommunen tek i mot og godkjenner søknaden. Fylkesmannen er klageinstans. Tilskotet vert betalt ut i løpet av første kvartal året etter. Samla tilskot på mindre enn kr 1000,- vil ikkje bli utbetalt.

### 6.2 Om utrekning av tilskot

For kvar ordning er det sett opp førebels satsar for dei ulike ordningane. Dersom søknadsmassen samla sett blir større enn ein trudde på førehand, vil satsen kunne verte noko redusert.

Ordningane tilskot til bratt areal og tilskot til avfallbehandling og ugrasbekjemping vil som tidlegare år fungere som buffer på den måten at dersom det vert for lite midlar til dei andre ordningane, vil det bli tatt midlar frå desse ordningane.

## 7. Vidare arbeid

### 7.1 Vidareutvikling av miljøprogrammet

Klimatiltak og tiltak for å hindre forureining er tema som har vore nemnd fleire gonger i samband med revidering av miljøprogrammet, og fleire har ytra ynskje om å etablere tilskotsordningar innanfor desse tema.

I Nasjonalt miljøprogram er det signalisert at ein bør avvente å ta inn klimatiltak før team er nærare utreda i stortingsmeldinga om klimatiltak i landbrukssektoren våren 2009. I Rogaland er det også arbeidd med ein fylkesdelplan for klima og miljøtiltak, der klimatiltak i landbruket er eit eige tema. Så snart stortingsmeldinga og Fylkesdelplanen er vedtatt, er Rogaland innstilt på å innarbeide gode klimatiltak i Regionalt miljøprogram.

Når det gjeld tiltak for å redusere avrenning frå jordbruket, var det i førre periode eit mål å etablere ei ordning for å legge til rette for miljøvennleg gjødselspreiing. Det er no i gang ei pilotordning for dette her i Rogaland. Det er førebels ikkje avklart om denne skal innarbeidast i Regionalt miljøprogram eller om den blir ei nasjonal ordning. Vi må derfor ha fokus på og vere opne for å ta inn andre ordningar som støttar opp under mål om redusert avrenning.

## **7.2 Kopling SMIL/RMP**

I nasjonalt miljøprogram er det presisert at arbeidet med regionalt miljøprogram skal sjåast i nær samanheng med dei spesielle miljøverkemidla som vart overført til kommunane - Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL – midla). Fylkesmannen har ansvar for å fordele SMIL – midlane til kommunane på bakgrunn av kommunane sine fleirårige tiltaksstrategiar. Miljøprogrammet skal også gi signal til kommunane om korleis Fylkesmannen vil prioritere fordelinga av SMIL – midla.

*Vidare heiter det i nasjonalt miljøprogram at ”Fylkesmannen skal bruke RMP – arbeidet som en arena for å styrke/utvikle kommunens rolle som landbrukspolitisk aktør og forvaltningsmyndighet.... RMP for neste planperiode skal også bidra til at kommunen tar en aktiv rolle i prosjektprioriteringene som SMIL og stimulerer til felles satsingar på tvers av kommunegrensene”*

Fleire av tilskotsordningane i Rogaland er innretta på ein slik måte at det ofte er behov for investeringstiltak/fyrstegongsrydding før ein vil ha rett på tilskot etter regionalt miljøprogram. Det gjeld t. d tilskot til turstiar, tilskot til kystlynghei og naturbeitemark og tilskot til styvingstre. Fylkesmannen har fleire år signalisert at ein vil prioritere kommunar som løyver SMIL – midlar til tiltak som byggjer opp under tilskotsordningar i Regionalt miljøprogram. Dette vil vi fortsette å gjere.